



Notat

Dato: 01.11.2017
Arkivsak: 2017/16683-2
Saksbehandlar: josfare

Til: Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Næringsretta partnerskapsmidlar 2018-2020 - Følgjesak til Fylkesrådmann sitt forslag til budsjett 2018.

Samandrag

Fylkesrådmann har i sitt forslag til budsjett 2018, fremja forslag om tildeling av næringsretta partnerskapsmidlar til regionale næringsretta aktørar. Tildelingane er gjort på bakgrunn av innsendte søknader, og vurdert opp mot konkrete kriterier som Fylkesutvalet har vedtatt. Denne saka syner vurderingane som er gjort i samband med tildelinga, og fungerer som kunnskapsgrunnlag for Fylkestinget i si handsaming av budsjettpost «Næringsretta partnerskapsmidlar» i budsjett for 2018.

1. Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune har i ei rekke år støtta organisasjonar og tiltak som har vorte vurdert som strategisk viktige for å gjennomføre næringsutviklingsarbeidet i Hordaland. Fylkeskommunen løyver årleg partnerskapsmidlar til næringsretta utviklingsaktørar etter vedtak i Fylkesutvalet.

Reduksjon i fylkeskommunen sine egne budsjett til regional utvikling og nedtrekk og endringar i målstrukturen for statlege Regionale utviklingsmidlar dei siste åra, har gjort midlane mindre føreseielege for aktørane som vert løyvd slik støtte.

Forvaltingsrevisjonen som vart gjennomført for Regionale utviklingsmidlar i 2016 peika òg på uklare retningslinjer for tildeling av partnerskapsmidlar, særleg med omsyn til utlysing av midlane.

På bakgrunn av dette gjorde Fylkesutvalet i møte 23.05.2017 vedtak om å opprette ei søknadsbasert ordning for næringsretta partnerskapsmidlar for åra 2018-2020 med følgjande framdriftsplan:

1. *Fylkesutvalet vedtar med utgangspunkt i Regional planstrategi 2016-2020 og Regional næringsplan 2013-2017 reviderte retningslinjer for Næringsretta partnerskapsmidlar med verknad frå 2018.*
2. *Fylkesutvalet vedtar følgjande framdrift for tildeling av midlar:*
 - *Juni 2017: Fylkeskommunen lyser ut partnerskapsmidlar til næringsretta utviklingsaktørar*
 - *August/september: søknadsfrist*

- *Oktober 2017: Innstilling om tildeling vert fremja i fylkesrådmannen sitt framlegg til budsjett 2018*
- *Desember 2017: Fylkestinget vedtar kva aktørar som skal løyvast næringsretta partnerskapsmidlar for 2018, med intensjon om støtte for tre år.*

Til søknadsfristen 3. september kom det inn totalt 35 søknader. Samla er det søkt om kr 29 915 000 i årleg partnerskapsbidrag frå Hordaland fylkeskommune.

Til samanlikning vart det i 2017 løyvd kroner 12 798 000 over fylkeskommunen sitt budsjett til næringsretta partnerar, og kr 4 499 000 over budsjettet Handlingsprogram for næringsutvikling.

I Fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett for 2018 vart det fremja eit forslag til fordeling av dei tilgjengelege midlane. Denne saka syner vurderinga av dei innkomne søknadane opp mot dei følgjande kriteria som Fylkesutvalet har vedtatt:

3. Fylkesutvalet vedtar at vurdering av partnerskapsmidlar skal gjerast opp mot følgjande kriterier knytt til prioriterte aktørar:

- Aktøren arbeider med å fremje entreprenørskap og innovasjon, knytt til nye bedriftsetableringar og/eller vekst i eksisterande bedrifter.*
- Aktøren samlar og styrkar innovasjons- og/eller entreprenørskapsarbeidet i ein større del av fylket/region. Aktøren famnar over minst to kommunar.*
- Aktøren har innsatsen retta mot område/ regionar med høg- eller vekst i arbeidsløysa.*

3. I tillegg kan følgjande punkt vere relevant å drøfte i særskilte tilfelle:

Aktørar med lite anna offentleg støtte kan verte støtta i særskilte tilfelle, uavhengig av arbeidet med entreprenørskap og innovasjon.

Aktørar som vert finansiert saman med andre fylkeskommunar, må også vurderast opp mot dei andre fylkeskommunane sine prioriteringar.

2. Budsjettramme

I fylkesrådmann sitt framlegg til budsjett er det sett av kr 6 048 000 på budsjettposten «Næringsretta partnerskap». Det er difor, som meldt i Fylkesutvalssak RS 157/2017, trong for ei sterk prioritering for å halde seg innanfor budsjettramma.

I tillegg er 6 mill kr sett av på budsjettpost «Driftstøtte/eigarskapsforpliktingar». Over denne budsjettposten vert støtte til Fjord Noreg AS og Bergen Vitensenter AS løyvd. Dei to aktørane har samla søkt om kr 6 655 000 i årleg støtte. I fylkesrådmann sitt forslag til budsjett er det føreslått å løyve kr 3 mill til kvar av dei to aktørane, noko som er ei vidareføring frå nivået i 2017.

I Fylkesrådmann sitt budsjett vert det også føreslått å nytte kr 1 900 000 over budsjettpost «HNN-statlege overføringar» til næringsretta partnerskap.

Denne budsjettramma har vorte redusert kraftig frå 2013 og fram til i dag. For 2018 er det i regjeringa sitt forslag til Statsbudsjett foreslått å løyve kr 38 mill kr til Hordaland fylkeskommune.

Budsjettpost «HNN-statlege overføringar» har sidan 2013 hatt følgjande utvikling:

Mill kr	2013	2014	2015	2016	2017	2018
HNN- statlege overføringar	72,7	60,7	56,8	47,3	49,1	38,0

Tabellen syner utviklinga i dei statlege overføringane frå 2013 til 2018(ikkje Stortingshandsama).

Ekstraordinære omstillingsmidlar tildelt i 2016, 2017 og 2018 er trekt frå for relevant samanlikning.

Av desse midlane er det berre 7 mill kr som kan nyttast til næringsføremål i heile fylket, medan resterande midlar har sterkare føringar for bruk i områder med særskilte distriktsutfordringar eller til bedriftsretta ordningar gjennom Innovasjon Noreg. Budsjettposten er slik lite eigna for å nyttast til ordninga med næringsretta partnerskap, kor føreseielegheit for støtta er viktig for aktørane som vert løyvd denne.

«HNH statlege overføringar» er regulert av «Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler». Denne seier at midlane skal ha utløysande effekt på prosjekt og tiltak, og ikkje nyttast til drift av organisasjonar. Det kan gjerast unntak for aktørar som er med i nasjonale program, mellom anna i regi av dei nasjonale virkemiddelaktørane.

Fylkesrådmann vurderer at å støtte dei tre inkubatorane som er med i SIVA sitt inkubatorprogram, er i tråd med forskrifta, men at aktørar utanom dette må støttast over fylkeskommunen sitt eige budsjett.

3. Vurdering av søknadane

Alle søknadane kom inn til fristen 3. september. Fylkesrådmann har vurdert søknadane i eit fagpanel, kor søknadane er gjeve karakter ut frå dei kriteria som Fylkesutvalet har vedtatt. Den samla karakteren til kvar einskild aktør er gjeve i tabellen under.

Fagpanelet var sett saman av personar med samansett kompetanse og ulik kjennskap til dei respektive søkerane. Søknadane er slik handsama på ein rettferdig måte og vurdert ut frå innhaldet i dei konkrete søknadane.

I fylkesrådmann sitt forslag til dei einskilde støttesummane, er det både vorte lagt vekt på kvaliteten i søknaden, total finansiering av aktøren og finansiering frå andre fylkeskommunar.

I sine vurderingar har Fylkesrådmann lagt mest vekt på det første kriteriet:

a) Aktøren arbeider med å fremje entreprenørskap og innovasjon, knytt til nye bedriftsetableringar og/eller vekst i eksisterande bedrifter.

Alle søkarar har skildra korleis dei famnar om eit regionalt nedslagsfelt og dette kriteriet er slik gjeve mindre vekt.

Dei aktørane som fell under dei to siste punkta har fått eigne kommentarar på dette, men dette gjeld berre ein mindre del av søknadane.

Det er særskilt 5 søknadar fylkesrådmannen vurderer til å treffe kriteria særst godt. Desse vert difor prioritert med meir midlar enn aktørar som dei naturleg samanliknast med. (Unntaket er NCE Maritime Cleantech, kor ein har gjort ei samla vurdering av støttesummen til dei ulike klyngene).

Dette gjeld:

- Connect Vest
- BTO – Nyskapingsparken inkubator
- Atheno AS
- Industriutvikling Vest
- Maritime Clean Tech Vest
- BTO- Mediekuben

Søknadane skildrar konkret korleis dei skal fremje entreprenørskap og/eller innovasjon på ein særst god måte.

4. Gjennomgang og vurdering av aktørar med støtte over budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar»

I tabellen under er det gjeve ei samla oversikt over fylkesrådmannen sitt forslag til aktørar som skal løyvast næringsretta partnerskapsmidlar i åra 2018-2020.

Tabellen syner Fylkesrådmann sitt forslag til årleg løyving, aktørane sitt søkte beløp, den totale finansieringa av aktøren og total karakteren etter vurderinga i fagpanel.

Tabellen viser vidare innkomne søknadar som ikkje vert løyvd støtte.

To av aktørane er vurdert som sterke ut frå dei gjeldande kriteria, men er vurdert til å ikkje kvalifisere til støtte på eit fagleg grunnlag. Dette gjeld Bergen Works, og Ocean Industries Accelerator.

I teksten under vert det gjeve ei kort grunngjeving for innstillinga.

Aktør	Løyving 2018-2020 (årleg)	Søkt beløp 2018-2020 (årleg)	Total årleg finansiering (inkludert søkt beløp frå HFK)	Karaktervurdering
Nyskapingssparken - BTO	700 000	1 000 000	6 600 000	7,0
Atheno AS	600 000	1 000 000	4 080 000	6,0
Connect Vest	500 000	1 000 000	5 707 000	6,0
Mediekuben - BTO	400 000	1 000 000	6 300 000	6,0
NCE Maritime CleanTech	100 000	400 000	11 600 000	6,0
Industriutvikling Vest	600 000	1 000 000	6 075 000	5,5
Ungt entreprenørskap	400 000	500 000	766 667	5,3
GCE Subsea	100 000	1 000 000	15 220 000	5,0
Matarena AS	150 000	450 000	7 090 000	5,0
NCE Media	100 000	350 000	10 450 000	5,0
Nordhordland IKS	200 000	500 000	5 800 000	5,0
Næringshagen på Voss	50 000	400 000	5 100 000	5,0
Ocean Industries Accel	0	300 000	800 000	5,0
Zefyr	800 000	950 000	5 659 700	5,0
Design region Bergen	420 000	800 000	5 050 000	4,7
Impact Hub	420 000	1 000 000	3 515 000	4,7
NCE Seafood IC	100 000	1 000 000	13 800 000	4,7
Samarbeidsrådet i Sunnh.	200 000	700 000	3 659 000	4,7
Bergen Works	0	1 000 000	3 244 000	4,5
Gode Sirklar/Grunderparken	300 000	1 000 000	3 500 000	4,5
Osterfjorden	100 000	600 000	1 800 000	4,5

nær.samarb				
WNFC	588 000	800 000	1 560 000	4,5
Gulen og Masfjorden NH	50 000	400 000	800 000	4,0
Hardangerrådet IKS	200 000	500 000	2 987 754	4,0
HOG Energi	500 000	1 000 000	3 680 000	4,0
Næringshagen i Nordhordland	50 000	400 000	800 000	4,0
Maritime Bergen	320 000	935 000	3 000 000	3,9
BTO	0	1 000 000	5 000 000	3,5
Reiseliv- fellesstilling	0	1 300 000	2 000 000	3,5
Mediaregion Bergen	0	350 000	3 789 000	3,0
Bjørnefjorden Grunderpark	0	150 000	300 000	2,5
Nordiske mediedager	0	400 000	11 070 000	2,0
STIN	0	75 000	973 500	1,5
Fjord Norge	3 000 000	3 000 000	32 200 000	0,0
VilVite	3 000 000	3 655 000	39 490 000	0,0
	13 948 000	29 915 000	233 466 621	

Nyskapingsparken inkubator – BTO

Nyskapingsparken inkubator er del av SIVA sitt inkubatorprogram og er lokalisert på Marineholmen. Søknaden har oppnådd den høgaste karakteren av alle dei mottatte søknadane med karakter 7.0. Nyskapingsparken skildrar i sin søknad konkret korleis dei skal medverke til vekst i eksisterande bedrifter og fremje entreprenørskap i heile fylket. Nyskapingsparken tar òg ansvar for å dele kompetanse med andre næringsmiljø i fylket.

I SIVA sitt inkubasjonsprogram er Nyskapingsparken vurdert som ein inkubator med særskilt potensial, og mottar slik høgare offentleg støtte frå SIVA enn dei andre inkubatorane i fylket. Fylkesrådmann rår difor til å løyve noko høgare støtte til Nyskapingsparken samanlikna med dei andre inkubatorane, med ei løyving på kr 700 000 årleg i åra 2018-2020. Løyvinga til Nyskapingsparken inkubator vert gjort over budsjettpost «HNN-statlege overføringar».

Atheno

Atheno er med i SIVA sitt inkubatorprogram. Søknaden er vurdert til karakter 6.0 og skildrar godt korleis Atheno skal fremje innovasjon og entreprenørskap. Inkubatoren samarbeider tett med næringslivet i regionen, og gjennom eit tett samarbeid med Ungt Entreprenørskap dekkar dei heile verdikjeda innan entreprenørskap.

Fylkesrådmann rår til å støtte Atheno med kr 600 000 årleg i åra 2018-2020. Løyvinga til Atheno vert gjort over budsjettpost «HNNH-statlege overføringar».

Connect Vest

Connect Vest er ein non-profit medlemsorganisasjon, som koplar saman gode idear og vekstselskap med ressurspersonar som har kommersialiseringserfaring og investeringskapital innan ulike bransjar. Connect Vest har mellom anna nytta verktøya sine aktivt inn i omstillingsaktivitetar innan leverandørindustrien til olje og gass.

Søknaden er vurdert som særst god med ein total karakter på 6.0.

Fylkesrådmann rår til at støtta vert vidareført på same nivå som tidlegare, kr 500 000 årleg, for å oppretthalde dette viktige tilbodet i regionen.

I samarbeid med Connect Vest vil fylkeskommunen freiste å få fram fleire gode utviklingsprosjekt knytt til omstilling i bedrifter og arbeidsretta tiltak, finansiert over Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling.

Mediekuben – BTO

Mediekuben er eit nyoppretta inkubatortilbod lokalisert i MediaCity Bergen. Søknaden er vurdert som særst god og får samla karakter 6.0.

Bergen teknologioverføring(BTO), som allereie driv den SIVA-finansierte inkubatoren «Nyskapingsparken», skal også ha ansvaret for Mediekuben.

Mediekuben vil rette seg mot bedrifter innan medieteknologi og vil tilby tenester til eit høgt tal bedrifter årleg. Internasjonale mentorar til oppstartsselskap, rådgjeving innan forretningsutvikling og tilgang til testplattformer og studioteknologi i MediaCity Bergen, vil gjere Mediekuben til det fremste miljøet for entreprenørskap og innovasjon i mediesektoren i Noreg.

Inkubatoren tar mål av seg å verte tatt opp i SIVA sitt inkubatorprogram på sikt, men er avhengig av finansiering i oppstarten.

Fylkesrådmann vurderer Mediekuben til å vere eit godt tiltak å finansiere i MediaCity Bergen og rår til å løyve kr 400 000 årleg i åra 2018-2020.

Industriutvikling Vest

Industriutvikling Vest er med i SIVA sitt inkubatorprogram. Søknaden er vurdert til karakter 5.5, og treff godt på både på arbeidet knytt til innovasjon og entreprenørskap, og på regionalt nedslagsfelt.

Industriutvikling Vest tar mål av seg å samle næringsutviklingsarbeidet i Nordhordland i den komande tre-årsperioden.

Industriutvikling Vest har eit særskilt fokus på å skape ein sterk innovasjonskultur i næringslivet, og har skildra godt korleis dette skal gjerast gjennom konkrete aktivitetar og samarbeid.

Fylkesrådmann rår til å støtte Industriutvikling Vest med kr 600 000 årleg i åra 2018-2020. Løyvinga til Industriutvikling Vest vert gjort over budsjettpost «HNNH-statlege overføringar».

Ungt Entreprenørskap

Ungt Entreprenørskap arbeider for å gje born og unge forståinga for betydninga av verdiskaping og nyskaping i næringslivet. Organisasjonen arbeider for å styrke og utvikle Elevbedrifter i grunnskolen, Ungdomsbedrifter i den vidaregåande skulen og studentbedrifter på høgskulen. Søknaden er vurdert til karakter 5.5 og skildrar korleis entreprenørskap skal fremjast på ein god måte.

Alle dei vidaregåande skulane i Hordaland har tilbod om å nytte seg av programma til Ungt Entreprenørskap.

Fylkesrådmann rår til å løyve kr 400 000 årleg til Ungt Entreprenørskap i åra 2018-2020.

NCE og GCE

Det er mottatt søknader frå GCE Subsea og tre NCE-ar.

NCE Media

NCE The Seafood Innovation Cluster

NCE Maritime CleanTech

GCE Subsea

Søknadane er vurdert som gode, og aktivitetane som er skildra vil alle fremje entreprenørskap og/eller innovasjon på ein god måte. Alle søknadane har fått total karakter 5 eller høgare.

Fylkesrådmann vurderer likevel klyngene til å vere lite avhengig av støtte frå fylkeskommunen for å gjennomføre aktivitetar som ellers er dekkja gjennom det statlege klyngeprogrammet. NCE-ane mottar 4-6 millionar, og GCE-en 10 millionar i årleg statleg støtte.

Ut frå den gjeldande budsjetttramma rår difor fylkesrådmann til å berre løyve eit årleg partnerskapsbidrag til klyngene, på kr 100 000.

Klyngene vert oppmoda om å fremje konkrete utviklingsprosjekt innan innovasjon, entreprenørskap og omstilling, til støtteordninga Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling.

Matarena AS

Matarena medverkar til å styrke det regionale næringsutviklingsarbeidet knytt til lokalmat.

Søknaden er vurdert til total karakter 5.0 og skildrar korleis dei skal fremje vekst i næringa på ein god måte.

I søknaden skildrast mellom anna eit langsiktig kompetanseprogram for produsentar av lokalmat som skal ha særskilt merksemd på produkt og marknadsutvikling. Dette programmet har allereie fått støtte over Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2017, og fylkesrådmann vurderer det til at denne biten difor allereie er nok finansiert.

Innanfor gjeldande budsjetttramme rår fylkesrådmann til å støtte Matarena med kr 150 000 årleg i åra 2018-2020.

Matarena kan fremje søknader om konkrete utviklingsprosjekt til Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling.

Næringshagar

Det er kome inn søknadar frå tre av fire næringshagar i Hordaland.

Næringshagen på Voss

Næringshagen i Nordhordland

Næringshagen Gulen og Masfjorden

Søknadane er vurdert som gode og skildrar aktivitetar som særleg fremjar entreprenørskap. Alle søknadane har fått total karakter 4 eller høgare.

Frå 2017 er kravet om fylkeskommunal medfinansiering i Næringshageprogrammet tatt bort. SIVA, som er eigar og drivar av programmet, er samstundes kompensert for dette, slik at næringshagane samla fortsatt har den same finansieringa som tidlegare.

Ut frå den gjeldande budsjettamma rår difor fylkesrådmann til å løyve eit årleg partnerskapsbidrag til Næringshagane på kr 50 000.

Næringshagane vert oppmoda om å fremje konkrete utviklingsprosjekt innan innovasjon, entreprenørskap og omstilling, til støtteordninga Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling.

Fylkeskommunen vil fortsetje å vere ein støttespelar i strategiutviklinga i næringshagane.

Mediefondet Zefyr

Mediefondet Zefyr har vore utfordrande å vurdere opp mot dei vedtekne kriteria gjeldande innovasjon og entreprenørskap, men fylkesrådmann påpeiker at ved å auke filminnspelinger på Vestlandet, styrkar ein samstundes bedrifter i filmproduksjonssegmentet, i tillegg til dei positive ringverknadane innspelinger i regionen gjer til andre næringer.

Zefyr er likevel i hovudsak vurdert opp mot dei to kriteria som er relevante å nytte i særskilte tilfelle. Dei regionale filmfonda er avhengige av regional finansiering til drift for å utløyse midlar frå staten, og støtte frå Hordaland fylkeskommune utløyser slik monaleg statleg tilskot til regionen.

Zefyr famnar no om 7 fylker; Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Agderfylka og Telemark. Zefyr har avtalar med alle fylkeskommunane, og dei største kommunane, om årleg driftstilskot.

Bergen kommune og Rogaland fylkeskommune er dei to største finansiørane av Zefyr. Med fylkesrådmann sin føreslåtte støttesum vil samla støtte frå Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune vere på om lag det same nivået som det Rogaland fylkeskommune gjev i årleg tilskot (1 777 350).

Med ei årleg støtte på kr 800 000, noko lågare enn søkt beløp (950 000) og årleg løyving for 2016 og 2017 (900 000), vert samla løyving frå Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune kr 1 830 000.

Hordaland fylkeskommune har dei seinare åra ikkje operert med årleg indeksregulering til aktørar som mottar næringsretta partnerskapsmidlar, då budsjettamma ikkje har rom for dette. Det vert difor ikkje lagt opp til ei slik indeksregulering, slik som Mediefondet Zefyr søker om.

Design Region Bergen

Design Region Bergen (DRB) fyller ei rolle innan designdriven samfunns- og næringsutvikling og i skjeringspunktet mellom næringer. DRB har drive fram ei rekkje prosjekt dei siste åra, og særskilt positive er etableringa av bedriftsnettverket Human Innovation, som mottar midlar frå det nasjonale Klyngeprogrammet.

Design Region Bergen fremjar i sin søknad ei rekke prosjekt, og viktige samarbeid, som vil kunne medverke til innovasjon og vekst i etablerte bedrifter. Søknaden har fått samla karakter 4.7, og er avhengig av støtte frå fylkeskommunen for å oppretthalde tilboda sine.

Design Region Bergen har over fleire år vakse fram som ein viktig aktør innan nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland.

Fylkesrådmann rår til å løyve kr 420 000 årleg til Design Region Bergen.

Regionråd

Dei regionale tiltakskontora er viktige samarbeidspartnarar for fylkeskommunen. Følgjande regionråd har søkt om støtte frå fylkeskommunen:
Nordhordland utviklingsselskap IKS
Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS
Hardangerrådet IKS
Osterfjorden Næringssamarbeid
Gode Sirklar AS

Søknadane er jamt over gode og alle søknadane har fått over 4.0 i total karakter. Fylkesrådmann skulle gjerne styrka regionråda framover, men med den tilgjengelege budsjettamma rår fylkesrådmann til å vidareføre støtta på om lag same nivå som i 2017 til dei ulike regionråda.

For dei regionråda som forvaltar eventuelle regionale etablererfond, er det også mogleg å nytte ein prosentvis del av ramma til forvaltning, slik at dette ikkje medfører ei ekstra administrativ belastning.

Særskilt for Gode Sirklar:

Gode sirklar har søkt om støtte til tre hovudtiltak:

- 1) Innovasjon i Havromsnæringa
- 2) Innovasjon og omstilling i SMB-bedrifter
- 3) Grunderparken Vest

Fylkesrådmann er i dialog kring prosjektstøtte til dei to første tiltaka, og desse vert slik handsama som prosjekt.

Gode sirklar får difor ei slik årleg fordeling av sine midlar:

100 000 til Gode Sirklar

200 000 sett av til Grunderparken Vest

Vestnorsk Filmsenter – Western Norway Film Commission

Vestnorsk filmkommisjon er eit prosjekt under Vestnorsk filmsenter som marknadsfører og legg til rette for Hordaland og Vestlandet som innspelingsstad for internasjonale film- og tv-produksjonar. Filmkommisjonen koplar utanlandske produsentar med lokale samarbeidspartnarar frå filmbransje og lokalmiljø, og hjelper internasjonale produksjonar i spørsmål om til dømes logistikk og finansieringsmoglegheiter.

Etter at den nasjonale filmkommisjonen vart lagt ned er det opp til regionane sjølve å halde seg med filmkommisjonar. Vestnorsk filmkommisjon vert finansiert av Fylkeskommunane i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane, og er òg i dialog med å utvide denne til å gjelde for Rogaland også.

Filmkommisjonen bidreg til filminnspelinger i store delar av fylket, og genererer slik aktivitet i ei rekkje tilgrensande verksemdar, til dømes innan filmselskap, transport, overnatting og servering. I tillegg kjem den særreigna Noregsreklamen gjennom distribusjon av filmar og seriar frå desse områda.

Vestnorsk filmkommisjon bidreg til vekst i etablerte verksemdar gjennom auka aktivitet i tilgrensande næringar i samband med filminnspelinger.

Aktøren er likevel i hovudsak vurdert ut frå dei to siste kriteria som nyttast i særskilte tilfelle.

Filmkommisjonen er heilt avhengig av støtte frå dei tre fylkeskommunane for å utøve sitt virke, og har ikkje som mål å tene pengar på si verksemd. Møre og Romsdal styrka frå 2016 si finansiering til filmkommisjonen og løyver no kr 560 000 årleg.

Fylkesrådmann rår til å løyve kr 588 000 årleg til Vestnorsk filmkommisjon i åra 2018-2020.

HOG Energi

HOG Energi er ein medlemsorganisasjon som har som føremål å syte for at energiressursane i Hordaland vert nytta til verdiskaping i fylket på ein optimal måte.

Søknaden er vurdert til karakter 4.0, og synleggjer korleis aktøren kan fremje innovasjon og vekst i etablerte bedrifter på ein grei måte.

HOG energi har også sett i verk eit arbeid for å tilpasse si framtidige rolle som ein nødvendig strategisk samarbeidspartnar for det nye fylket på Vestlandet.

Fylkesrådmann rår til å løyve kr 500 000 årleg til HOG energi i åra 2018-2020.

The Impact Hub

Impact Hub Bergen fungerer primært som eit arbeidsfellesskap, men tilbyr og hjelp til gründerar i tidleg fase gjennom mellom anna kompetanseheving og lokale og globale nettverk.

Søknaden er vurdert til karakter 4.7 og skildrar korleis aktøren fremjar sosialt entreprenørskap.

The Impact Hub er den einaste aktøren i Hordaland som reindyrkar sosialt entreprenørskap og er del av eit internasjonalt nettverk av like organsiasjonar.

The Impact Hub er avhengig av offentleg støtte for å oppretthalde og styrke tilbodet sitt til entreprenørar vidare.

Fylkesrådmann rår til å støtte The Impact Hub med kr 420 000 årleg i åra 2018-2020.

Maritime Bergen

Maritime Bergen er ein nettverksorganisasjon som arbeider for heile den maritime klynga, og medverkar til auka klyngesamarbeid, synleggjering, rekruttering, miljøvenlege løysingar og myndigheitskontakt.

Søknaden er vurdert til karakter 3.9.

Søknaden skildrar i varierende grad korleis organisasjonen skal fremje innovasjon og entreprenørskap i den maritime næringa, og har solid finansiering mellom anna frå Bergens rederiforening, Stiftinga Neptun og Bergen kommune.

Maritime Bergen er den einaste samarbeidsaktøren Hordaland fylkeskommune har fått søknad frå i den maritime næringa.

Ut frå den gjeldande budsjettramma rår fylkesrådmann til å støtte Maritime Bergen med kr 320 000 årleg i åra 2018-2020.

Styringsgruppa for reiseliv i Bergen – Fellesstillinga

Destinasjonsselskapa i Hordaland har gått saman om ei koordinatorstilling som utviklar og koordinerer aktivitetar som kjem alle destinasjonsselskapa til gode.

Søknaden er vurdert til karakter 3.5.

Fylkesrådmann vurderer søknaden til å ikkje treffe dei politisk vedtekne kriteria godt nok til å kunne prioritere tiltaket innanfor den gjevne budsjettramma.

Fylkesrådmann påpeikar at ordninga med ei koordinatorstilling har hatt gode resultat i perioden og ville vurdert å støtte tiltaket dersom budsjettramma hadde rom for det.

Bergen Works

Bergen Works er eit nyopna kontorfellesskap for grunderar lokalisert i Bergen.

Søknaden er god og har fått total karakter 4.5.

Fylkesrådmann har likevel vurdert søknaden til ikkje å kunne kvalifisere til ordninga med næringsretta partnerskapsmidlar.

Fylkesrådmann er for det første restriktiv på å støtte inkubator/grundermiljø som ikkje er med i nasjonale program. Vidare vurderer fylkesrådmannen det til at støtte til kontorfellesskapet kan vere i strid med Regelverket for offentleg støtte.

Fylkesrådmann erfarer at det er fleire eigedomsaktørar som ønskjer å leige ut lokalar til ulike kontorfellesskap, og peikar på at det ikkje kan etablerast ein praksis kor fylkeskommunen går inn og subsidierer leigetakarar.

Konkrete utviklingsprosjekt til nytte for grunderar og bedrifter i Bergen Works, vil fylkesrådmann kunne handsame i eigne søknadar over Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling.

Ocean Industries Accelerator

Ocean Industries Accelerator (OIA) er eit innovasjonsmiljø for selskap innan havnæringane, drifta av Bergen teknologioverføring i samarbeid med dei blå klyngene.

Søknaden treff godt på å fremje entreprenørskap og innovasjon og har fått total karakter 5.0.

Fylkesrådmann vurderer likevel søknaden til ikkje å kvalifisere til ordninga med næringsretta partnerskapsmidlar. OIA vert vurdert til i hovudsak å vere eit kontorfellesskap og til å enno vere som eit prosjekt å rekne.

Ocean Industries Accelerator er eit fellesprosjekt mellom Nyskapingsparken inkubator og NCE Seafood Innovation Cluster, GCE Subsea og NCE Maritime CleanTech, og desse aktørane er alle prioritert med midlar i Fylkesrådmann sitt framlegg til budsjett for 2018.

OIA har i 2017 mottatt omstillingsmidlar frå Hordaland fylkeskommune, og utviklingsprosjekt som fremjar ekstra innsats i OIA vil verte vurdert i eigne søknadar over Handlingsprogram for næringsutvikling.

Bergen Teknologioverføring – BTO

Bergen teknologioverføring (BTO) arbeider med å kommersialisere forskning, og er eigd mellom anna av Universitetet i Bergen, Haukeland universitetsjukehus, SIVA, Høgskolen på Vestlandet og Noregs Handelshøgskole.

Søknaden er vurdert til hovudkarakter 3.5.

Fylkesrådmann vurderer søknaden til ikkje å i tilstrekkeleg grad treffe dei vedtekne kriteria og rår til å ikkje støtte Bergen teknologioverføring med næringsretta partnerskapsmidlar.

Fylkesrådmann understrekar at BTO mottar støtte til dei to tiltaka Nyskapingsparken inkubator og Mediekuben, i sitt forslag til budsjett 2018.

Mediaregion Bergen

Foreininga Mediaregion Bergen er ein medlemsorganisasjon for mediebedrifter i Hordaland.

Søknaden er vurdert til karakter 3.0, og skildrar berre i liten grad korleis dei skal fremje entreprenørskap og innovasjon.

Fylkesrådmann erfarer at Mediaregion Bergen gjer ein viktig jobb i samband med etableringa og drifta av MediaCity Bergen, men har ikkje funne rom for å støtte aktøren innanfor gjeldande budsjettamme.

Mediaregion Bergen vil kunne fremje søknadar om konkrete utviklingsprosjekt som vil verte vurdert over Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland.

Os kommune – Bjørnefjorden Grunderpark

Os kommune har oppretta Bjørnefjorden grunderpark som skal fremje entreprenørskap og næringsutvikling i Bjørnefjorden.

Søknaden er vurdert til karakter 2.5.

Fylkesrådmann vurderer det til at søknaden ikkje kvalifiserer til ordninga næringsretta partnerskapsmidlar då ein kommune ikkje bør vere mottakar av desse.

Fylkesrådmann rår til å nytte andre tilgjengelege midlar til å styrke Bjørnefjorden grunderpark for å fremje entreprenørskap i denne regionen.

Nordiske Mediedager

Nordiske mediedager er Nordens største årlege mediefaglege konferanse og samlar kvart år rundt 1800 deltakararar frå heile mediebransjen.

Søknaden er vurdert til total karakter 2.0.

Søknaden skildrar i avgrensa grad korleis den fremjar til entreprenørskap eller innovasjon, og fylkesrådmann vurderer den til ikkje å nå opp i konkurransen om næringsretta partnerskapsmidlar.

Nordiske mediedager vert oppmoda om å søke om konkrete utviklingsprosjekt, til dømes til NMD Ung, som er ein ungdomskonferanse som rettar seg særskilt mot elevar frå vidaregåande skule.

Stiftelsen Norsk sykkelturnisme i Norge

Stiftinga norsk sykkelturnisme i Norge (STIN) driv eit nasjonalt nettverk av bedrifter og destinasjonar som i særleg grad legg til rette for sykkelturnisme.

Søknaden er vurdert til total karakter 1.5, og skildrar i liten grad korleis den fremjar entreprenørskap eller innovasjon.

Stiftinga sin verksemdside er å utvikle, kvalitetssikre og marknadsføre den kommersielle sykkelturnismen i Noreg.

Stiftinga har finansiering frå fleire fylkeskommunar i Noreg, men fylkesrådmann vurderer STIN til ikkje å kvalifisere til næringsretta partnerskap innanfor dei gjevne kriteriar.

Fjord Norge AS

Grunna særskilte eigarskapsforpliktingar er støtte til Fjord Noreg ivaretatt under budsjettpost «Driftsstøtte/eigarskapsforpliktingar» i Fylkesrådmann sitt forslag til budsjett 2018.

Bergen Vitensenter AS

Grunna særskilte eigarskapsforpliktingar er støtte til Bergen Vitensenter AS ivaretatt under budsjettpost «Driftsstøtte/eigarskapsforpliktingar» i Fylkesrådmann sitt forslag til budsjett 2018.